

Innspel frå brukarutvala i Helse Vest

Leiargruppa (leiar og nestleiar) i Brukarutvala i Helse Vest har i fellesmøte drøfta den økonomiske situasjonen i helseføretaka. Gruppa har hatt særleg fokus på organisering og konsekvensar som kjem fram med omsyn til nybygging, investering og fornying/oppgradering av eigedomsmasse og naudsynnte fasilitetar for å kunne utføre det primære oppdraget helseføretaka har, nemleg å gje eit best mogeleg behandlingstilbod til befolkninga.

Leiar gruppa ser at overskriding av budsjetta ikkje er uvanleg, men samstundes er dei uføresette utgiftene i etterkant særst tyngande for budsjetta. Helse Førde har i haust og vinter vore særleg i fokus rikspolitisk med konsekvensar som har kome fram. Eit underskot har gjennom året vorte freista handtert ved å gjere endringar i kostnad og inntekter. Kostnadene ved bygging har faktisk kome i mål med 12 mill. til gode. Når ein då får 50 mill. i renteutgifter pr år, er dette med å slå vekk beina under økonomien.

Leiargruppa er også kjend med at både Helse Vest og andre helseføretak får ytterlegare utfordringar framover i ein situasjon der ein legg planar for store, naudsynnte nybyggingsprosjekt dersom ein skal legge til grunn at ein i brukstida på nybygga (25-35 år) skal sitje å betale renter samstundes som ein skal tilpasse seg og følgje med på ein rivande utvikling i behandlingsformer for sjukdomar og lidingar . Auken i den aldrande befolkninga, med auka trong for helsehjelp vil vere med å legge ytterlegare press på budsjetta.

Ein ser at tiltak som vert gjort for å kompensere for dei auka utgiftene frå helseføretaka si side er enten å krympe areala slik at dei vert for små og ikkje lenger er tenlege, og/eller bygge berre delvis det som er vurdert som naudsynt, altså mindre enn det som er hensiktsmessig..

Leiargruppa peiker på ein del uheldige konsekvensar ved slike økonomiske uføre:

- Ein samlar behandling på dei større sjukehus. Dette fungerer sentraliserande, og dreg samfunnet mot meir sentrale strøk.
- Uansett om rentekostnadene rekneskapsmessig vert dekkja innanfor budsjett, er dette midlar som elles kunne ha vorte nytta til direkte helsehjelp. Vert midlane brukt i direkte pasientrelaterte tenester, kunne mange fleire ha vorte behandla, og køane vorte kortare. No er, etter vårt syn, fokuset mest på budsjett. Det burde heller vere på tenesteutvikling.

Leiargruppa meiner det er tydeleg at det no på tide å revurdere modellen for bygging av sjukehus.

For leiargruppa

Skrivar

Atle Lunde

Arne Hovland

Leiar Brukarutval Helse Vest

Nestleiar Felles Brukarutval Helse Førde